

# SpareBank 1 Hallingdal

HEMSEDAL



FAGERNES



GOL



ÅL

Årsberetning  
2001



# Innhold

## Årsmelding 2001

Visjon & Hovudmål	4
Sterk lokal forankring	5
Styrets årsmelding rekneskapsåret 2001	6
Årsmelding SpareBank 1 Hallingdal - Gol	10
Årsmelding SpareBank 1 Hallingdal - Hemsedal	11
Årsmelding SpareBank 1 Hallingdal - Ål	12
Resultatrekneskap	13
Balanse	15
Notar	17
Kontantstraumanalyse	31
Melding frå kontrollkomitéen	32
Revisjonsmelding	33
Tillitsvalte i SpareBank 1 Hallingdal	34





Foto: Tomas Carlström

# SpareBank 1 Hallingdal

## Visjon

SpareBank 1 Hallingdal skal som finansiell aktør innfri kundane sine forventningar og individuelle behov basert på nærleik, lokal forankring og samarbeid.

## Hovudmål

SpareBank 1 Hallingdal skal ved hjelp av SpareBank 1 Gruppen vere eit naturleg fyrsteval som leverandør av alle typer finanstenester som banken tilbyr.

Målgruppa er alle kundegrupper med tilknytning til Hallingdal (og Valdres).

SpareBank 1 Hallingdal skal ikkje vere sterkt overrepresentert i enkeltbransjar, då dette vil kunne auke banken sin porteføljerisiko.

SpareBank 1 Hallingdal skal profilerast som ein lokalbank med evne til å framstå som nær og med behovstilpassa løysingar for kundane.

SpareBank 1 Hallingdal skal omstille seg raskare enn konkurrentene, i takt med endringar i marknad- og kundebehov.

SpareBank 1 Hallingdal skal vere ein aktiv og sterk samarbeidspartnar for næringsliv og offentleg sektor, samt ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalt samfunnsliv.

SpareBank 1 Hallingdal skal vere ein attraktiv og god arbeidsplass med medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring og dermed styrkje banken sin konkurransevne.

SpareBank 1 Hallingdal skal ved å oppnå ein god eigenkapitalavkastning bevare sin sjølvstende og lokale forankring. Kravet til avkastning på eigenkapitalen skal avspeile den risiko som ligg i verksemda og det generelle rentenivået i marknaden. For perioden 2002-2005 skal SpareBank 1 Hallingdal ha som mål å oppnå ein eigenkapitalavkastning før skatt, som tilsvarar renta på ein langsiktig (10 år) statsobligasjon, med tillegg av ein premie på 7,5 prosentpoeng.

## Sterk lokal forankring

SpareBank 1 Hallingdal har no lagt bak seg 2 driftsår etter samanslåinga mellom Hallingbanken Aal Sparebank og Hemsedal Sparebank. Me kan med rette slå fast at målsetjinga om å sikre ein sterk og sjølvstendig lokalbank er oppfylt. SpareBank 1 Hallingdal er den lokale bedrifta – både i Gol, Hemsedal og Ål og banken er ein aktiv medspelar og integrert del av lokalsamfunnet i nemnde kommunar.

SpareBank 1 Hallingdal er bygd opp rundt lokale fullservicebankar. Me legg vekt på å ha lokal kompetanse på alle dei produkta som me til ein kvar tid vel å tilby kundane våre. Det at me er til stades lokalt er berejvelken når me byggjer relasjonsbanken. Lokalbanken er vår viktigaste møteplass mellom bank og kunde. Gjennom dei lokale fullservicebankane oppnår me nærleik og kunnskap om marknaden me opptre i.

Slagord som «snakk med nokon som kjenner deg» og «tett på næringslivet» gir uttrykk for kva slags verdiar som SpareBank 1 Hallingdal ynskjer å stå for. Gjennom ein god dialog med kundane våre skal SpareBank 1 Hallingdal foreslå gode løysingar på viktige problemstillingar for den einskilde kunde. Hausten 2001 gjennomførte me ein annonsekampanje mot næringslivet for å markere at banken er den viktigaste banken for næringslivet i Hallingdal. Kampanjen fekk svært god mottaking, og eg takkar dei kundane som stilte opp i denne annonseserien.

Det er med stor interesse eg registrerer ein meir positiv haldning hjå

politikarane i Hallingdal til samarbeid på tvers av kommunegrensene. Det er fleire faktorar som talar i favør av meir samarbeid. Dei to viktigaste grunnane er truleg betre tilgang på kompetanse og betre utnytting av stramme økonomiske rammevilkår. Det er å anta at kommunane kan heve kvaliteten og kompetansen på fleire områder samt spare kostnader gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid.

SpareBank 1 Hallingdal har svært positiv erfaring med samarbeid på tvers av banken sine kontor. Samanslutninga for to år sidan har gitt eit breiare fagmiljø og større kompetansenettverk for banken sine rådgjevarar. Me er oppteken av å utnytte den samla kompetansen i banken og når me lykkast med dette, framstår me som betre rådgjevarar overfor kundane våre.

Til hausten opnar SpareBank 1 Hallingdal eit kundeservicesenter. Kundeservicesenteret skal gi eit stadig større antal kundar som nyttar internett, telefon og nettbank raskare svar på enkle førespurnader. Det beste av alt er at kunderservicesenteret vil ha utvida opningstid på kvardagar, og dermed auke tilgjenge til dei fleste banktenestene for kundane våre.

Opprettinga av eit kundeservicesenter og nye/ombygde lokaler i Gol og Ål i løpet av år 2002, vil frigjere ressursar lokalt. Eg ser fram til eit spennande år der me «ryddar plass» til å møte kundane der det er naturleg – i lokalbanken.



Foto: Tomas Carlström

Knut Oscar Fleten  
Administrerende banksjef

# Styret sin årsmelding for 2001

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal har levert eit godt resultat for bankdrifta, men ein svak avkastning på verdipapirporteføljen trekkjer ned resultatet. Det er morselskapet som i hovudsak danner dei økonomiske storleikane i konsernet, og dei vidare kommentarane omhandlar derfor morselskapet. Det er knytta nokre kommentarar til dotterselskapa sine resultat i avslutninga.

## Norsk og internasjonal økonomi

Som vi forventa ved inngangen til år 2001 vart dette eit år med mange negative forteikn i internasjonal økonomi og i finansmarknadene. Etter ein svak utvikling gjennom store delar av året, markerte terrorangrepa mot USA eit tidsskille. Aksjemarknaden raste, og alle prognoser om eit økonomisk oppsving vart utsatt i tid. Uvissa i finansmarknadene var ekstremt stor på grunn av frykt for ei internasjonal krise som følgje av hemnaksjonar og av frykt for biologisk krigføring. Marknadskreftene vann over frykten etterkvart – aksjemarknadene var, som vanleg i krisesituasjonar, blitt "for billige", og allereie etter ein drøy månad var aksjekursane tilbake til nivåa for 11. september.

USA gjekk inn i året med ei sentralbankrente på 6,5%, men har gjort heile 11 rentekutt med totalt 4,75 prosentpoeng ned til 1,75%. Det er det lågaste nivået sidan 60-talet. Til trass for dette slit den amerikanske industrien, og industriproduksjonen har, med eit lite unntak, falle gjennom 2001. Arbeidsløysa har stige markert frå i overkant av 4% til i underkant av 6%, og forventast å stige vidare i fyrste halvår 2002. Redningen har vore at privat forbruk likevel har halde seg overraskande godt oppe gjennom fjoråret. Ved inngangen til 2002 er det stor uvissa om vi allereie er forbi botnen, eller om det framleis vil vere faktorar som held økonomien nede.

Euro-sona har òg opplevd ein svakare økonomisk utvikling i 2001. Minkande vekst har danna grunnlag for at renta har vorte kutta med til saman 1,50 prosentpoeng til 3,25%, sjølv om inflasjonen har ligge over sentralbankens mål gjennom det meste av året. Arbeidsløysa har helde seg relativt flat så langt, men er aukande i dei to største økonomiane (Tyskland og Frankrike), og dette forventast å gje auka arbeidsløysa for Euro-sona som heilskap. Det kjem likevel nokre positive nøkkeltal frå Euro-sona, og eit evt. oppsving i USA andre halvår 2002 forventast å ha god og rask effekt i Euro-sona.

Noreg har vore «kjerringa mot straumen». Hovudtrekka har vore ein stram arbeidsmarknad, høgare inflasjonsutvikling enn våre handelspartnerar, sterkt privat forbruk og stor låneiver. Vidare vart det vedtatt å innfase delar av oljeformuen i økonomien. I tillegg har vi no ei borgarleg samlingsregjering med skattelette høgt på programmet. Fram til desember var haldninga til Norges Bank at internasjonale forhold trakk i retning lågare renter, medan innanlandske forhold trakk i motsatt retning. Mot slutten av året har vi likevel sett at inflasjonen har kome ned og arbeidsmarknaden har vorte noko slakkare. I desember kutta Norges Bank renta med 0,5 prosentpoeng.

Men nøkkeltala som har framkome etter nemnde rentekutt har likevel signalisert ein framleis sterk norsk økonomi. I sitt fyrste hovudstyremøte i 2002 vart derfor ikkje styringsrenta i Norges Bank endra. Det er i dag ingen teikn som tyder på ein markert oppbremsing i norsk økonomi. Dette saman med forventningar om eit toft lønsoppgjør til våren, gjer at vi trur på nok eit år med ein god del høgare rente enn andre land.

## SpareBank 1 alliansen

SpareBank 1 alliansen er eit nordisk bank- og produksamarbeid der SpareBank 1 bankane i Norge samarbeider gjennom det felleseigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. SpareBank 1 alliansens overordna mål er å sikre den enkelte banks sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurransevne, lønsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1 alliansen eit konkurransemessig fullverdig alternativ på nasjonalt og nordisk nivå.

SpareBank 1 alliansen har nyleg inngått ei langsiktig samarbeidsavtale med EDB Business Partner om utvikling av nye løysingar for elektroniske banktenester. Bankane skal kostnadseffektivt kunne tilby produkt og tenester på det nivå og gjennom dei kanalar kundane føretrekkjer. Gjennom samarbeidet med FöreningsSparbanken har SpareBank 1 bankane utvikla og tatt i bruk ein ny nettbankløysing med betra funksjonalitet. Den nye nettbankløysinga gjer det også mogleg for kundane å følgje sitt kundeforhold innan forsikring og fond.

FöreningsSparbanken (største eigar i SpareBank 1 Gruppen as) har vurdert det slik at samarbeidet med den norske delen av SpareBank 1 alliansen har behov for modernisering og vidareutvikling. FöreningsSparbanken sa derfor 17. desember opp avtala og inviterte samtidig til reforhandling. Skulle desse forhandlingane ikkje føre fram, vil avtala opphøyre per 31.12.2002.

SpareBank 1 - alliansen (ekskl. FöreningsSparbanken) har ved utgangen av 2001 ein samla forvaltningskapital på ca. 225 mrd. kroner og ca. 370 kontor lokalisert over heile landet.

## Bankens resultatutvikling

Veksten i netto rente og provisjonsinntekter vart moderat i 2001 samanlikna med år 2000. Ein lågare vekst i 2001, – 2,5% mot 11% frå året før, skuldast i hovudsak ein halvering av utlånsvæksten og framleis fall i rentenettoen. Veksten i utlån og innskot vart hhv. 9,9% og 8,5%. I forhold til gjennomsnittleg forvaltningskapital fall rentenettoen med 0,40 prosentpoeng, frå 3,63% i 2000 til 3,23 % i 2001. Årsakene er i hovudsak sterk konkurranse, nye større bedriftsengasjement med lågare risiko samt innføring av full sikringsfondsavgift til Sparebankenes Sikringsfond. Sistnemnde tilsvarar ein reduksjon av rentenettoen på 0,06 prosentpoeng. Utviklinga i rentenettoen er som forventa, og dette er ein felles trend i næringa.

Bankens netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester auka med 45% i 2001. Tidlegare års sterke vekst innanfor forsikrings- og spareprodukt er vidareført i 2001. Gode salstal innanfor desse områda legg eit godt grunnlag for bankens framtidige provisjonsinntekter. Provisjonsinntektene frå forsikring auka med heile 354% og inntektene fra ulike spareprodukt auka med 23%. I volum utgjer desse framleis ein liten del av bankens totale inntekter.

Ein svak utvikling i verdipapirmarknaden og med hendinga i USA som forsterkande effekt vart resultatet frå bankens verdipapirportefølje svakt. Verdipapirporteføljen blir administrert av SpareBank 1 Aktiv Forvaltning. Totalt sett har

forvaltaren oppnådd ein meiravkastning på 2,13% samanlikna med referanseindeksane, men i ein svak marknad har dette ikkje gitt ein tilfredsstillande realavkastning. Honorar til forvaltar blir bokført under administrasjonskostnader.

Andre driftsinntekter viser ein auke på 25% samanlikna med 2000.

Lønnskostnadane auka med 17,1% i forhold til nivået i 2000, i denne veksten ligg også fem nye tilsetjingar i løpet av år 2001. Løn og andre personalkostnader utgjorde i 2001 0,84% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Det er omtrent uforandra i forhold til år 2000.

Administrasjonskostnadene fall med 8% samanlikna med 2000. Hovudårsaka er sluttført fellesprosjekt i 2000 og lågare datakostnader. Auka rekrutteringskostnader og innføring av mva på fleire tenester har derimot redusert denne sparinga noko.

Lågt investeringsnivå i 2001 i vente av større planlagte investeringar i 2002 har ført til eit lite fall i bankens avskrivningskostnader. Andre driftskostnader har auka med 34%.

Driftsresultatet frå verksemda, når gevinst/tap på verdipapir blir halde utanfor, er betra med ca 10% samanlikna med 2000.

Totale tapsavsetningar utgjer 1,32% av brutto utlån mot 1,36% i 2000. Rutinene for gjennomgang og identifisering av engasjement med tapsrisiko er vorte endra i løpet av 2001, jf. note 3. SpareBank 1 Hallingdal er av den oppfatning at nivået på bankens tapsavsetningar gir eit rett bilete av risikoen i utlånporteføljen.

Styret er godt fornøgd med eit resultat før skatt på 48,9 mill. kroner.

## Bankens balanseutvikling

I 2001 auka forvaltningskapitalen med 10,8% til i underkant av 2,6 mrd. kroner.

Innskota auker jamnt sjølv om banken auker volumet på sal av andre spareprodukt. Innskot frå kundane auka med 8,5% i 2001. Det er ingen innskot med bindingstid, og ein liten del har fastrenteavtaler. Innskot over 1 mill. kroner har gode vilkår samanlikna med pengemarknaden.

Banken auka brutto utlån med 9,9% i 2001. Utlånsvæksten er halvert samanlikna med veksten i 2000. Dette fallet var forventa som ein følge av høgare rentenivå og den negative økonomiske utviklinga i Europa og USA. Som konsekvens av ein moderat utlånsvækst fall finansieringsgraden kundeinnskot/utlån marginalt frå 77,7% til 76,7%. SpareBank 1 Hallingdal har etablert gode og langsiktige kredittlinjer hjå fleire av sine samarbeidspartnarar.

SpareBank 1 Hallingdal har siste halvår 2001 lagt stor vekt på å marknadsføre banken ovanfor næringslivet. Under slagordet "tett på næringslivet" ynskjer banken å synleggjere kva SpareBank 1 Hallingdal legg i omgrepet som service, kvalitet, nærleik og kompetanse. Bankens skal vere ein aktiv og sterk samarbeidspartnar for næringsliv og

offentleg sektor, samt ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalt samfunnsliv.

Den profesjonelle forvaltaren administrerer alle bankens verdipapir med unntak av strategiske eigarpostar. Sum til disposisjon for forvaltar har vore stabil over året. Denne porteføljen fordelte seg mhv. 28,9% på aksjar og 71,1% på obligasjonar ved årsskiftet. Forvaltar har styrt porteføljen innanfor styrets rammeinstruks i år 2001.

Eigenkapitalavkastninga før skatt i år 2001 var 11,4% mot 12,7% i 2000. Iflg. kapitaldekningsoppgåva til Kredittilsynet, har banken ein kapitaldekning på 19,3% mot 18,8% ved utgangen av år 2000. Styresmaktene sitt krav er minimum 8,0%.

### Disponering av årsoverskotet

Styret foreslår følgjande bruk av årsoverskotet:

Avsetning til gåver med allmenntilgjengelig formål	47.000 kr
Overføring til Sparebankens fond	34.551.000 kr

Føresetnaden for framleis drift er tilstade, og årsrekneskapen for år 2001 er satt opp under denne føresetnaden.

### Risikoforhold

Renterisiko og kredittisiko er dei vesentlegaste risiki i samband med bankens drift, men verksemda fører òg med seg noko likviditetsrisiko og risiko i samband med kursutviklinga i aksjemarknaden.

Det er i hovudsak bankens behaldning av renteberande verdipapir som er utsatt for renterisiko. Banken har gjennom året ligge innanfor dei rammer som er definert for rentepapir. Desse rammene er basert på maksimal plassering innanfor ulike sektorar og typer rentepapir. Det er òg fastsatt eit mål på gjennomsnittleg løpetid på 3 år med maksimalt tak på 5 år. Banken har eit svært lite utlånsvolum med fastrenteavtaler, og denne posten utgjer ingen risiko for banken.

Kredittrisikoen blir overvaka gjennom mislighaldsrapportering og klassifisering av utlånsgasjementa mht. økonomi og sikkerheit. Ved årsskiftet er det næringslivsporteføljen som er risikoklassifisert. Det er ein målsetjing å klassifisere personkundane i løpet av ein to-års periode. Banken har eit innarbeid regelverk for kredittvurdering og kreditthandling basert på sin kredittpolitikk. Denne blir revurdert årleg. Det blir lagt stor vekt på kredittkontroll og oppfølging av tapsutsatte engasjement. Erfaringsmessig har banken særskilt tilfredsstillande tapstal.

Banken vektlegg at likviditetsrisikoen skal vere minimal. Finansieringsgraden innskot/utlån fall med 1,0 prosentpoeng til 76,7 %. Dette var eit marginalt fall og endrar ikkje risikobiletet mht. likviditet. Likviditetsrisikoen vurderast som akseptabel. Kortsiktige svingningar blir dekkja gjennom etablerte trekkrettar. Banken har òg ein god del likviditetsreserve i verdipapirporteføljen som ligg til aktiv forvaltning.

Plasseringar i aksjemarknaden er i hovudsak retta mot dei store børsnoterte selskapa og med ein minimum spreidning.

Maksimal ramme er 35 % av verdipapirporteføljen. Forvaltninga er som tidlegare nemnd handtert av ein profesjonell forvaltar.

Styret mottok månadleg rapport over bankens renterisiko. Mislighalds- og tapsutviklinga blir rapportert månadleg. I neste 3 års periode forventast bankens årlege utlånstap å ligge innanfor 5,0 mill. kroner. Resultatet av verdipapirverksemda med storleiken på urealisert kursreserve inngår i den månadlege driftsrapporteringa som blir styrebehandla. Styret vektlegg at finansielle risiki tilknytta verksemda skal vere moderate.

### Intern kontroll

I samsvar med forskrift om intern kontroll, har banken gjennomført internkontroll for samtlege kjerneområder i organisasjonen. Forbettingsområder er identifisert og tiltak er under arbeid. SpareBank 1 Hallingdal har gjennomført ein omfattande endring av internkontrollrutinane i 2001. I løpet av fyrste halvår 2002 skal banken ha innført nødvendige internkontrollrutinar som tilfredsstillar krava frå Datatilsynet mht. personopplysningsloven.

### Tillitsvalte og administrasjon

Ved val i 2001 vart Ragnhild Kvernberg attvalt som formann i forstandskapet. Godtgjersle til tillitsvalte, revisor og adm. banksjef framgår av notane. Lån og garantiar til bankens tillitsvalte og tilsette framgår av notane.

### Personalet

Ved årets utgang var bankens arbeidsstyrke 60 heil- og deltidstilsette, som tilsvarar 51 årsverk.

### Arbeidsmiljø- og tryggleik

Styret vurderer bankens arbeidsmiljø som godt. SpareBank 1 Hallingdal har ein etablert bedriftslegeordning. Forureining av det ytre miljøet som følge av bankens verksemd er minimal.

### Framtidsutsikter

Rentemarginen vil sannsynlegvis framleis vere utsatt for sterkt press. Det er ein utfordring å flate ut den negative trenden. Banken har stor merksemd når det gjeld prising av risiko på bankens utlånsgasjement. SpareBank 1 Hallingdal har auka satsinga på spare- og forsikringsprodukt ved at banken har tilsett ein person som utelukkande skal arbeide mot næringslivskundane. Innstillinga på desse produktområda forventast derfor å utgjere ein stadig større del av bankens driftsinntekter. Banken har vedteke å etablere eige kontor i Fagernes med Valdres som marknadsområde. Etablering vil sannsynlegvis fyrst skje i løpet av 2003.

I mai 2002 vil bankens kontor i Gol flytte inn i eit nytt bygg. Bygningen representerer eit skifte i korleis banken møter sine kundar. Tradisjonelle betalingstenester blir sjølvstyrte og nedtona i det fysiske miljøet. Kunderådgevinga får større plass i kvardagen og dette vil vonleg gi utslag i auka meirsal til kundane. Hausten 2002 etablerer banken eige kundeservicesenter for å betre tilkomsten og responstida til kundar som vender seg til oss via telefon eller internett.



Kundeservicesenteret vil auke rådgjevingskapasiteten ute i lokalbankane.

### Dotterselskap

Sparebankens Regnskapskontor AS har framleis positiv utvikling i oppdragsmengda. Rekneskapskontoret har funne det nødvendig med større investeringar på IKT-området. Det forventast at auka oppdragsmengde og reduksjon av interntid skal bringe resultatet på pluss-sida dei komande åra. Rekneskapskontoret er einaste nærverande rekneskapsfirma i Hemsedal av ein viss storleik. Resultatet for 2001 var omtrent i balanse.

SpareBank 1 Hallingdal Eiendomsselskap as hadde leigeinntekter på ca 2,1 mill. kroner i 2001. Selskapet har ingen fast tilsette og leiger inn sine tenester ved behov. I samband med

planer om nytt bankbygg i Gol, har selskapet selt eksisterande bygg i Gol. Selskapet har òg hjulpet til med avvikling av ANS Forretningsgården i løpet av året. I sistnemnde selskap vart eigedomsmassen selt ut. Selskapet ynskjer å avgrense sine interesser i eigedommar som ikkje blir nytta av morselskapet og vil vurdere ytterlegere sal i løpet av år 2002. Årsresultatet vart negativt - ca kr 350.000.

### Takk til forretningskontaktar, tillitsvalte og tilsette

Styret takkar forretningskontaktar, tillitsvalte og tilsette for godt samarbeid i 2001. God oppslutning om banken og solid innsats i alle ledd i organisasjonen førte til eit godt økonomisk resultat for SpareBank 1 Hallingdal.

Ein syner elles til rekneskapan med notar.

Hallingdal, den 31 desember 2001

06.02.2002



Torleif Bjella  
(Styreformann)



Anders Intelhus  
(Nestformann)



Kjell Vidar Berge



Karin Rustberggard Sletto



Vidar Isungset



Knut Oscar Fleten  
(Adm. banksjef)



Biletet er henta frå kampanjen «Tett på næringslivet» i 2001.

## SpareBank 1 Hallingdal – Gol

Gol har i år 2001 styrka sin posisjon som servicesenteret i Hallingdal. I tillegg til ein kontinuerlig utvikling av produkt og tilbod tilhøyrande det etablerte næringsmiljøet i Gol, har det i år 2001 vorte politisk vedtatt å sentralisere enkelte offentlege fellesfunksjonar til Gol. I løpet av år 2002 blir det eit felles likningskontor for heile Hallingdal lokalisert på Gol.

Ei viktig utfordring for Gol blir å oppretthalde sin funksjon som service og handelssenter i framtida. Derfor har kommunen i 2001 prioritert å ferdigstillast sentrumsplanen, med ei oppgradering og forskjøning av den nedre delen i Gol sentrum. Dette har ført til auka trivsel for så vel innbyggjarar som turistar og gjennomreisande.

SpareBank 1 Hallingdal tek òg del i utviklinga av sentrumsbiletet i Gol. I 2002 ferdigstillast vi eit nytt bankbygg med ei utforming som skal gi eit positivt bidrag i Gol sentrum. Bygget er konstruert for å ivareta vesentlege målsetjingar som utvida tilgjenge for daglegbanktenester, større merksemd rundt kunden samt gode parkeringstilhøve.

Banken vil ta nybygget i bruk frå mai 2002, og vårt mål er at dette skal vere med å styrke servicetilbodet i Gol, for så vel næringslivet som for privatmarknaden.

EiendomsMegler 1 Hallingdal, som i dag er lokalisert i banken sitt kontor i Gol, skal vere med på flyttelasset og vil få plass på gateplan i nybygget. Lokalkbank Gol har hatt eit godt år i 2001. På område som plassering og forsikring har aktiviteten hatt ein markant stigning. Trenden frå førre år med vekst på privatmarknads-sida har forsterka seg ytterlegare i 2001. Bankens sine utlån har i år 2001 hatt ein vekst på 10,2 % og utgjer ved årsskiftet 978 mill. kroner inklusiv valutalån. På innskotssida har det òg vore ei god prosentvis auke på heile 16,8 %. Totale innskot utgjer 347 mill. kroner.

Lokalkbank Gol hadde i 2001 13 medarbeidarar, som utgjer 11,5 årsverk.

Terje Bale  
Banksjef Gol

## SpareBank 1 Hallingdal – Hemsedal

Vintersesongen i år gav rekordomsetjing. Byggeaktiviteten har vore stor og Hemsedal fekk i løpet av året om lag 450 nye overnattingsenger.


Oppstarten av vintersesongen 2001/2002 vart prega av den tragiske ulukka der Jonas Fredbo ikkje vart attfunnen. Denne hendinga bles liv i diskusjonen om retninga i reiselivsnæringa. Det har no vorte starta eit arbeid der ein evaluerer korleis Hemsedal skal profilere seg som turiststad.

Bruken av meieriet, etter at Tine slutta produksjonen, har vore samtaleemne i år. Banken har vore aktivt med for å sikre eit lokalt eigarskap. Håpet er no at aktivitetane som skal fylle bygget kjem både bygdafolket og turistar til gode.

Lokalbanken i Hemsedal har hatt ein god vekst i løpet av året 2001. Utlånsveksten har vore på 18,7% når ein tek med valutalån, og samla lån er då på 745 mill. kroner. Innskot har hatt ein vekst på 11,5% og er på 529 mill. kroner. Når det gjeld sal av forsikringar har vi fått eit godt fotfeste. Det er òg fleire som vil ha andre plasseringsalternativ enn banksparing og kjøper fond, livrente og garanterte spareprodukt (Spar X). Då fleire av kundane våre ordnar betaling av rekningane sjølve via nettbank og såleis er mindre i banken, har me fått fleire inn til kundesamtaler om økonomisk rådgjeving.

Hemsedal vil ha ein god folketalsvekst framover og det er gjort ei undersøking av Norsk institutt for by- og regionforskning, som viser at ein trur at folketalet vil vekse til 2392 i år 2010. Hovudårsaka til denne veksten kjem av auka turisme og særleg utbygginga av «Fjellandsbyen». Dette vil føre med seg fleire heilårsarbeidsplassar. Auken i folketalet vil òg legge press på infrastrukturen i bygda og press på dei offentlege tenestene. Det blir ei stor utfordring i skule og barnehage samt pleie- og omsorgssektoren.

Lokalbanken i Hemsedal har 13 årsverk ved utgangen av år 2001.



Johannes Haraldsen  
Banksjef Hemsedal



Heimsil Samdrift (Foto: Ole-Johs. Bye)

Biletet er henta frå kampanjen «Tett på næringslivet» i 2001.



Biletet er henta frå kampanjen «Tett på næringslivet» i 2001.

## SpareBank 1 Hallingdal – Ål

Strategisk næringsplan for 2001 – 2004 er vedteke av kommunestyret. Denne tek for seg fleire satsingsområde og tiltak retta mot å gje næringslivet eit lyft. Av konkrete saker kan nemnast sentrumsutvikling, etablering av Ål Folkepark og utviklinga innan reiselivet i Ål. Reguleringsplanen for Sundre sentrum har skapt debatt. Kva skal til for å få eit sentrumsbilette der kundar, tilreisande og lokalbefolkning finn seg til rette og handelen blomstrar? Det beste svaret kan antageleg kundane gje.

Ål Folkepark vart stifta i 2001 og styre er konstituert. Parken er meint å bli eit arrangements- og aktivitetsområde og framstå som turistmål og utstillingsvindauge for næringslivet i Ål. Dette krev konkrete driftsplanar på kommersiell basis. Forutan å vere ein attraktiv arrangementsstad, må parken også framstå levande utanom dei tidsavgrensa arrangementa.

Kommunen har fått utarbeidd ein rapport som tek for seg kva retning reiselivet i Ål kan utvikle seg. Rapporten viser til at Ål alt i dag har ein god del turisme, men at kommunen må yte hjelp for å få snudd nedgangstrenden dei siste 6-7 åra. Det er her viktig med dialog på tvers av næringar og interesser. For Ål vil spesielt hytteturismen kunne gje monaleg overrissingseffekt til handelsstanden og lokalsamfunnet forøvrig. Det er utviklingspotensiale for reiselivet i Ål.

Lokalbanken på Ål har i 2001 sett relativt liten aktivitet når det gjeld nyetablering av verksemder og oppføring av næringslokale. Det har vore stor aktivitet innan entreprenørbransjen, men der har våre kundar hatt ein vesentleg del av sine oppdrag utanom Ål. Unntaket er hyttebygging, der det har vore god aktivitet også lokalt. Nye tomtefelt blir klargjort, dette gjeld både Torpo/Opheimsåsen, Skarslia og Votndal/Leveldåsen. På Øvre-Åls åsen har grunneigarane danna selskap og arbeidet med hyttefelt held fram.

Me har opplevd god aktivitet når det gjeld privatkundane våre. Det har vore eit år med bustadbygging på det jamne. Utflytta kundar står for ein god del av førespurnader om bustadfinansiering. Dette seier oss at me er konkurransedyktige på pris, og at me greier å framstå nær også om den geografiske avstanden aukar.

Lokalbanken på Ål har hatt eit bra år i 2001. Nye satsingsområde som forsikring sel bra. Vidare har me sett at kundane vågar seg fram på når det gjeld nye spare- og plasseringsprodukt som aksjeindeksobligasjonar og hedgefond. Bruken av NettBanken aukar jamt og trutt, likeins bruken av kort. Me har hatt ein utlansvekst på 13,9% og hadde ved årsskiftet eit volum på 914 mill. kroner. medrekna utlån i utanlandsk valuta. Innskotsveksten har vore på 3,7% og volumet var ved årsskiftet 859 mill. kroner. Me har gjennom året tilsett to nye medarbeidarar og er no 18 tilsette, dette utgjer 16,3 årverk.

Komande år vil me omrokkera litt innan lokala våre ved at all kunderetta verksemd blir samla i 1. etasjen. I underetasjen vil stabs- og støttefunksjonar halde til. Kundane vil møte eit ope og oversiktleg rådgjevingsmiljø. Ei sjølvbetjeningsavdeling vil vera open i senteret si opningstid.

  
Jostein Sørboen  
Banksjef Ål



# Resultatrekneskap alle tal i 1000

		2001	2001	2000	2000
	Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
1.	Renteinntekter og liknande inntekter				
1.2.	Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		7.198	7.192	4.249
1.3.	Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		184.083	183.337	147.614
1.4.	Renter og likn. innt. av sertfi.. obl. og and. renteb. v.pap.	1	9.117	9.117	9.867
	<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>		<b>200.398</b>	<b>199.646</b>	<b>161.730</b>
2.	Rentekostnader og liknande kostnader				
2.1.	Renter og liknande kost. på gjeld til kred.institusjonar		18.290	18.902	8.122
2.2.	Renter og liknande kost. på innsk.frå og gjeld til kundar		97.204	97.178	75.098
2.3.	Renter og liknande kost. på utstedte verdipapir		3.724	3.724	873
2.5.	Andre rentekostnader og liknande kostnader	5	1.618	1.618	
	<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>		<b>120.836</b>	<b>121.422</b>	<b>84.093</b>
	<b>Netto rente og kredittprov.Innt.</b>		<b>79.562</b>	<b>78.224</b>	<b>77.637</b>
3.	Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning				
3.1.	Inntekter av aksjar og andre verdipapir med var. avkast.	2a	1.179	1.179	1.414
3.2.	Kostnader av eigarinteresser i tilknytt selskap	2c		380	135
3.3.	Kostnader av eigarinteresser i konsernselskap	13	353		453
	<b>Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning</b>		<b>826</b>	<b>799</b>	<b>961</b>
4.	Provisjons inntekter og inntekter frå banktenester				
4.1.	Garantiprovisjon	5	4.657	4.657	2.871
4.2.	Andre gebyr og provisjon inntekter	6	11.752	11.752	8.730
	<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>		<b>16.409</b>	<b>16.409</b>	<b>11.601</b>
5.	Prov.kostnader og kostn. ved banktenester				
5.2.	<b>Andre gebyr og provisjonskostnader</b>		<b>1.597</b>	<b>1.597</b>	<b>1.369</b>
6.	Netto gevinst/tap av verdipapir				
6.1.	Netto tap på sertifikat. obl. og andre rentebærande v.pap.	1	-22	-22	-798
6.2.	Netto tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.	1	-4.090	-4.090	-107
6.3.	Netto gev./-tap på valuta og fin. derivater	12	1.950	1.950	-1.623
	<b>Sum netto tap av verdipapir</b>		<b>-2.162</b>	<b>-2.162</b>	<b>-2.528</b>
7.	Andre driftsinntekter				
7.1.	Driftsinntekter faste eigedomar	4	525	1.956	393
7.2.	Andre driftsinntekter		1.647	2.849	1.339
	<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>2.172</b>	<b>4.805</b>	<b>1.732</b>
	<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>15.648</b>	<b>18.254</b>	<b>10.397</b>
	<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>95.210</b>	<b>96.478</b>	<b>88.034</b>
8.	Løn og generelle adm.kostnader				
8.1.	Løn mv.				
8.1.1.	Løn	8a	16.926	17.833	14.440
8.1.2.	Pensjonar	9	1.439	1.497	1.379
8.1.3.	Sosiale kostnader		2.368	2.407	2.297
8.2.	Administrasjonskostnader		17.332	17.452	18.856
	<b>Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>38.065</b>	<b>39.189</b>	<b>36.972</b>

## Resultatrekneskap (forts) alle tal i 1000

			2001	2001	2000	2000
		Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
9.	Avskrivningar driftsmiddel					
9.1.	<b>Ordinære avskrivningar</b>	4	1.432	2.000	1.517	2.086
10.	Andre driftskostnader					
10.1.	Driftskostnader fast eiendom		400	902	176	714
10.2.	Andre driftskostnader	7	5.129	4.093	4.203	3.298
	<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>5.529</b>	<b>4.995</b>	<b>4.379</b>	<b>4.012</b>
	<b>Sum driftskostnader</b>		<b>45.026</b>	<b>46.184</b>	<b>42.868</b>	<b>43.862</b>
	<b>Driftsresultat før tap</b>		<b>50.184</b>	<b>50.294</b>	<b>45.166</b>	<b>45.189</b>
11.	Tap på utlån og garantiar					
11.1.	<b>Tap på utlån</b>	3	1.329	1.329	10.646	10.646
12.	Nedskr og gevinst på verdipapir som blir haldne på lang sikt					
12.2.	<b>Gevinst</b>				<b>15.333</b>	<b>15.333</b>
	<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>48.855</b>	<b>48.965</b>	<b>49.853</b>	<b>49.876</b>
13.	Skatt på ordinært resultat	13	14.257	14.244	14.266	14.168
	Resultat av ordinær drift etter skatt		34.598	34.721	35.587	35.708
	<b>Resultat for rekneskapsåret</b>		<b>34.598</b>	<b>34.721</b>	<b>35.587</b>	<b>35.708</b>
17.	Oppskrivning, overf. frå EK, og disp. av res. for regnsk.året					
17.1.6.	Overf. frå fond for vurderingsforskjellar	14			-250	
17.2.4.	Overført til sparebankens fond	14	34.551		35.767	
17.2.5.	Gåver		47		70	
	<b>Sum disponert</b>		<b>34.598</b>		<b>35.587</b>	

## Balanse pr. 31. desember 2001 alle tal i 1000 kr.

Eigedelar	Note	2001	2001	2000	2000
		Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
1. <b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>		<b>54.721</b>	<b>54.721</b>	<b>37.482</b>	<b>37.482</b>
3. Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar					
3.1. Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el.opps.frist		21.511	21.511	29.476	29.476
3.2. Utlån til og fordr. på kred.inst. med avtalt løpet.el.opps.frist		10.099	10.099		
<b>Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>		<b>31.610</b>	<b>31.610</b>	<b>29.476</b>	<b>29.476</b>
4. Utlån til og fordr. på kundar					
4.3. Kasse/drifts og brukskredittar		151.684	151.613	129.161	129.048
4.4. Byggjelån		105.947	105.947	77.651	73.379
4.5. Nedbetalingslån		2.004.288	1.964.006	1.851.536	1.844.083
<b>Sum utlån for spesifiserte og uspes. tapsavs.</b>		<b>2.261.919</b>	<b>2.221.566</b>	<b>2.058.348</b>	<b>2.046.510</b>
4.7. - Spesifiserte tapsavsetjingar	3	11.188	11.188	1.940	1.940
4.8. - Uspefiserte tapsavsetjingar	3	18.600	18.600	25.913	25.913
<b>Sum netto utlån og fordringar på kundar</b>		<b>2.232.131</b>	<b>2.191.778</b>	<b>2.030.495</b>	<b>2.018.657</b>
6. Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir					
6.1. Utstedt av det offentlege					
6.1.1. Sertifikat og obligasjonar		102.015	102.015	92.901	92.901
6.2. Utstedt av andre					
6.2.1. Sertifikat og obligasjonar		35.711	35.711	52.426	52.426
<b>Sum sertifikat. obl. og andre rentebærande verdipapir</b>	1	<b>137.726</b>	<b>137.726</b>	<b>145.327</b>	<b>145.327</b>
7. Aksjar og andre verdipapir m/var.avkastning					
7.1. Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2a	79.417	79.417	61.679	61.679
7.3. Andre verdipapir	1	22.089	22.089		
<b>Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>		<b>101.506</b>	<b>101.506</b>	<b>61.679</b>	<b>61.679</b>
8. <b>Eigarinteresser i tilknyttta selskap</b>	2c		<b>941</b>		<b>1.322</b>
9. <b>Eigarinteresser i andre konsernselskap</b>	2b	<b>166</b>		<b>407</b>	
10. Immaterielle eigedelar					
10.1. Goodwill			19		
10.2. Utsett skattefordel	13	704	1.346	2.499	3.127
<b>Sum immaterielle eigedeler</b>		<b>704</b>	<b>1.365</b>	<b>2.499</b>	<b>3.127</b>
11. Varige driftsmiddel					
11.1. Maskinar, inventar og transportmidlar		2.978	3.092	3.513	3.513
11.2. Bygningar og andre faste eigedomar		5.312	39.692	5.556	23.442
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	4	<b>8.290</b>	<b>42.784</b>	<b>9.069</b>	<b>26.955</b>
12. Andre eigedelar					
12.1. Finansielle derivater	12	10	10	369	369
12.2. Andre eigedelar		1.387	1.572	1.344	1.571
<b>Sum andre eigedelar</b>		<b>1.397</b>	<b>1.582</b>	<b>1.713</b>	<b>1.940</b>
13. Forskotsbetalingar og opptente inntekter					
13.1. Opptente ikkje-bet. innt. og forsk.bet. ikkje-påløpte kostnader		16.931	16.931	16.406	16.406
13.2.1. Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9,13	1.571	1.722	651	791
13.2.2. Andre forskotsbet.ikkje påløpte kostnader		24	1.223		9
<b>Sum forskotsbetalingar og opptente inntekter</b>		<b>18.526</b>	<b>19.876</b>	<b>17.057</b>	<b>17.206</b>
<b>Sum eigedelar</b>	10,11	<b>2.586.777</b>	<b>2.583.889</b>	<b>2.335.204</b>	<b>2.343.171</b>

## Balanse pr. 31. desember 2001 (forts) alle tal i 1000 kr.

Gjeld og egenkapital			2001	2001	2000	2000
Gjeld		Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
14.	Gjeld til kredittinstitusjonar					
14.1.	Lån og inns. Frå kred.inst. utan avtalt løpetid eller opps.frist		1	1		765
14.2.	Lån og inns. Frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		303.000	303.000	258.000	267.679
	<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>	10,11	<b>303.001</b>	<b>303.001</b>	<b>258.000</b>	<b>268.444</b>
15.	Innskot frå og gjeld til kundar					
15.1.	Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		1.469.522	1.468.851	1.313.317	1.313.167
15.2.	Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		265.236	265.236	285.858	285.858
	<b>Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>	10,11	<b>1.734.758</b>	<b>1.734.087</b>	<b>1.599.175</b>	<b>1.599.025</b>
16.	Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir					
16.3.	Obligasjonsgjeld		69.967	69.967	34.864	34.864
16.4.	- Eigne ikkje - amortiserte obligasjonar		1.430	1.430	1.640	1.640
	<b>Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>	10,11	<b>68.537</b>	<b>68.537</b>	<b>33.224</b>	<b>33.224</b>
17.	Anna gjeld					
17.1.	Finansielle derivater	12	450	450	528	528
17.3.	Anna gjeld		21.612	21.786	21.370	21.601
	<b>Sum anna gjeld</b>		<b>22.062</b>	<b>22.236</b>	<b>21.898</b>	<b>22.129</b>
18.	<b>Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter</b>		<b>8.443</b>	<b>8.548</b>	<b>7.932</b>	<b>8.012</b>
19.	Avsetjingar til forpliktingar og kostnader					
19.1.	Pensjonsforpliktingar mv.	9,13	4.518	4.593	4.068	4.123
	<b>Sum avsetjingar til forpliktingar og kostnader</b>		<b>4.518</b>	<b>4.593</b>	<b>4.068</b>	<b>4.123</b>
	<b>Sum gjeld</b>		<b>2.141.319</b>	<b>2.141.002</b>	<b>1.924.297</b>	<b>1.934.957</b>
	<b>Eigenkapital:</b>					
22.	Bundne fond					
22.2.	Sparebankens fond	14	445.458	445.458	410.907	410.907
22.5.	Andre fond			-2.571		-2.693
	<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>445.458</b>	<b>442.887</b>	<b>410.907</b>	<b>408.214</b>
	<b>Sum egenkapital</b>		<b>445.458</b>	<b>442.887</b>	<b>410.907</b>	<b>408.214</b>
	<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	10,11	<b>2.586.777</b>	<b>2.583.889</b>	<b>2.335.204</b>	<b>2.343.171</b>
	<b>Postar utanom balansen</b>					
	Betinga forpliktingar					
	Garantiar	5	445.072	445.072	307.540	307.540
	Andre betinga forpliktingar	1,5	10.000	10.000	10.000	10.000
	Eigenkapitalrelaterte derivater	12	1.430	1.430	1.640	1.640
	<b>Sum betinga forpliktingar</b>		<b>456.502</b>	<b>456.502</b>	<b>319.180</b>	<b>319.180</b>

Hallingdal, den 31. Desember 2001 / 6. Februar 2002.



Torleif Bjella  
(Styreformann)

Anders Intelhus  
(Nestformann)



Kjell Vidar Bergo



Karin Rustberggard Sletto



Vidar Isungset


Knut Oscar Fleten  
(Adm. banksjef)



# Notar til konsernrekneskapen 2001

*Tal i tabellar er i heile 1000 kroner*

## Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er beskrivi under dei enkelte noter. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

## Konsolidering

Konsernrekneskapet som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Sparebankens Regnskapskontor AS og SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS. Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnte dotterselskapa blir eliminert.

## Innholdsliste

1.	Obligasjonar og andre rentebærande verdipapir
	Ansvarleg lån
2. a.	Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis
	b. Dotterselskap
	c. Tilknytt selskap
3. a.	Risikoklassifisering av utlånsporteføljen
	b. Prinsipp for vurdering av engasjement
	c. Tap på utlån
	d. Utlån fordelt etter næring og geografi
4.	Varige driftsmidlar – avskrivningar
5.	Garantiansvar
6.	Provisjonar og gebyr
7.	Andre driftskostnader
8. a.	Tillitsvalde og tilsette
	b. Ekstern revisjon
9.	Pensjonsforpliktingar
10. a.	Finansiell risikokommentar
	b. Renteendringstidspunkt på egedelspostar og gjeld / eigenkapital
11.	Restløpetid på egedelspostar og gjeld / eigenkapital
12.	Finansielle derivater
13. a.	Utrekning av betalbare skattar
	b. Utsett skatt
14. a.	Eigenkapitalendring
	b. Kapitaldekning
	c. Kontantstraumanalyse

# Note 1

## Obligasjonar og andre rentebærande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir. Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsvardi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytta. Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar/ ansvarlege lån på kr. 142.222.000, utgjer avkastninga 6,41 %.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsvardi
<b>Obligasjonar/ansvarlege lån morbank</b>			
Børsnotert			134.733
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklasser:			
Utstedt av det offentlege	0 %	102.015	
Utstedt av andre	20 %	1.001	
Kredittforetak	20 %	29.673	
		<b>132.689</b>	<b>134.733</b>
Ansvarlege lån i finansinstitusjonar	100 %	5.037	4.838
Porteføljenedskriving		0	
<b>Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank</b>		<b>137.726</b>	<b>139.571</b>
Rentefond	100%	<b>22.089</b>	<b>22.089</b>
<b>Sum kortsiktige plasseringer morbank</b>		<b>159.815</b>	<b>161.660</b>
Langsiktige plasseringar		0	0

## Rentefølsemd på verdipapir

Banken si verdipapirportefølje hadde ved årets slutt ein rentefølsemd rekna til kr. 3.677.000 ved 1 %-poeng renteendring. Fastsett ramme for rentefølsemd er kr. 6.900.000 v/1 %-poeng renteendring. Gjennomsnittleg restløpetid er på 2,81 år.

## Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar	5.037
Annan ansvarleg lånekapital	0
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>	<b>5.037</b>

# Note 2a

## Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsporfølje. Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsvardi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljene. Nedskriving blir gjort dersom marknadsvardi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsvardi
Nycomed Amarsham	14.749	1.044	1.253
Royal Caribbean Cruises	7.146	1.046	1.015
Stolt Offshore	15.380	1.237	1.215
Infocus Corporation	1.170	232	239
Frontline	4.635	341	431
Axis-Sield	3.630	162	162
SAS AB	4.020	278	231
Den Norske Bank Holding ASA	35.190	1.361	1.422
Nordlandsbanken	3.490	703	764
Schibsted	7.163	755	620
Hydralift	9.410	573	621
